



Røysterett for alle var 20 denne kvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen-koret Røysterett for alle har tidlegare invitert Kvinnherad Folkemusikklag til Helgheim på musikalsk treff. Laurdag kveld var tida inne for gjensitt - i Herøysund Grendahus. Det vart ein stor kveld i folkemusikkens teikn, der prestasjonane streka under at folkemusikk kan vera så mangt.



Kvinnherad Folkemusikklag – den yngste er 19 og den eldste 88! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kven skulle til dømes tru at det kunne svinga skikkeleg av ein springdans frå Bergen spela på tuba og euphonium? Brørne Sebastian og Marius L. Torjusen frå Rosendal hadde stor suksess med dette nummeret i likhet med kva som var tilfellet då dei til dømes og etter eige utsagn radbrekka ein feleslått. I alle fall utløyste dei kveldens kraftigaste trampeklapp.



Brørne Torjusen spela folkemusikk på tuba og euphonium og fekk trampeklapp. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men aktørane hadde mange fine opplevingar å by på, ikkje minst vertskapet folkemusikklaget, der muskarane kjem frå så og seia heile Kvinnherad: Ølve, Løfallstrand, Rosedal, Austrepollen, Herøysund og Valen. Og medan den yngste i laget, Irene Bjørke frå Løfallstrand, har runda 19, har eldstemann fylt 88! Han er Kristian Ruåsdal frå Rosedal og familiemedlemmer fortel til uskedalen.no at han øver to-tre timar kvar dag!



Elev Sondre Seim Bratland lytter til sin lærar Arne Jordan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laget spela seks nummer mjukt og vakkert og vakrast let det etter vår meining så dei drog opp masurkaen Leirdølen som trekkspel-legenden Oddvar Nygård frå Sør-Fron i Gudbrandsdalen er meister for. Dei hadde denne gongen også med seg oddingen Arne Jordan som gjer ein verdfull pedagogisk innsats for folkemusikklaget.

Også Røysterett for alle hadde to avdelingar. Koret hadde denne gongen berre 20 frammøtte og diirigent Maria

Malmsten kalla det eit kammerkor. Men songarane gjorde den merkelappen til skamme. Dei hadde plukka folkemusikktonar frå sitt kjente repertoar og song etter vår meining finast då dei framførte Kvannsanketid med Svein Rimestad som solist.

Maria var elles eit kapitel for seg også denne kvelden. Det er utruleg kva ho sit inne med av songstoff frå Sverige og Noreg og då programleiaren kalla henne ein ressursperson er det berre fornarnet! Særleg godt likte vi hennar avdeling nummer to, som handla om friarar og kjærleik! Maria presenterte til og med ein eigen, nykomponert rheinlendar .

Med det same er inne på enkelt-prestasjonar tar vi også med dei som programleiar Arne Draugsvoll og musikk lærar Arne Jordan stod for. Dei flomma over både av gode spelemannsstubbar og meir seriøst folkemusikk-stoff. Arne hadde forresten også med seg ein elev, 10-åringen med det krevjande namnet Sondre Seim Bratland og spela saman med han.

Matøkta inngjekk som ein organisk og naturleg del av kvelden, men så vart ho da også sunge både inn og ut!

Av Ola Matti Mathisen



Maria Malmsten – eit kapitel for seg! (Foto: Ola Matti Mathisen)